



Hjortejakta 2023 - Hareid

Det er under ein månad igjen til jaktstart og vi sender med det ut infoskriv med viktig informasjon. Alle vald og jaktfelt bør gjere seg kjend med informasjonen før jaktstart.

Jakttid

Jakttida på hjort er 01.09 – 23.12.

Skadeskyting og ettersøk

Det er krav om at alle jegerar/jaktag skal ha skriftleg avtale om tilgang på godkjent ettersøkshund. Det er ikkje lov å jakte utan slik avtale. Ved skadeskyting av hjort eller uavklara situasjon etter påskyting av hjort, skal godkjend ettersøksekvipasje tilkallast og ettersøk gjennomførast.

All jakt i jaktfeltet skal stoggast medan det pågår ettersøk. Pliktig ettersøk på eige vald er den dagen dyret vart påskote og om nødvendig ut dagen etter. Ved ettersøk som går over på anna vald, opphører retten til ettersøk og felling ved utgangen av dagen den skadeskotne hjorten kom inn i valdet.

Er ettersøket første dag utan resultat skal jaktrettshavar og kommunen eller politi kontaktast og informerast om situasjonen. Når pliktig ettersøk er utan resultat skal kommunen avgjøre om ettersøket kan avsluttast eller om ettersøket skal halde fram. Den jeger eller jaktag som står for skadeskytinga pliktar å delta utan vederlag ved pålagt ettersøk.

Det er lov å bruke kunstig lys til ettersøk etter påskoten hjort. Men før ein tek i bruk kunstig lys har jegeren plikt til å varsle politi, jaktrettshavar og kommune om bruken.

Rapportering av sett hjort

Det er svært viktig at alle jaktdagar vert registrerte i hjorteviltregisteret/sett og skutt. Jaktdagar **skal rapporterast anten det er sett hjort eller ikke**. I tillegg til dette skal felte dyr registrerast med rett informasjon (alder, kjønn, slaktevekt, osb.).

Fastsetting av alder på felte dyr

I dei fleste tilfelle er det fullt mogeleg å bedømme om ein felt hjort er kalv, ungdyr (1,5 år) eller eldre (2,5 år +), om ein sjekkar kjeven/tennene. Dette bør gjerast, for å kunne rapportere med rett alder i hjorteviltregisteret.

Info; <https://www.hjortevilt.no/aldersbestemme-felt-elg-hjort/>

Merka hjortar

Hjort med gps-klave og øyremerke

Det er no 5 hjortar som er merka med gps-klave og øyremerke i Herøy, Ulstein, Hareid og Sande. Hjort med gps-klave skal IKKJE fellast. Dei merka dyra med gps-klave kan føljast her: [Merka hjort](#).

Om ein er uheldig og likevel feller hjort med gps er det **svært viktig** at kommunen blir kontakta med det same. Det skal brukast rett verktøy for å fjerne klaven, ikkje kniv eller liknande. Dyret skal vegast, samt at kjeven og øyremerka skal takast vare på.

Hjort med berre øyremerke

Når dei merka hjortane ikkje har gps-klaven lenger, kan dei fellast på lik line som andre dyr.

Gje beskjed til kommunen så snart som råd. Øyremerke skal takast vare på. Dyret skal vegast og kjeven skal takast vare på for innlevering.

Kvotefri jakt på hjortekalv

I Hareid kommune har desse valda fått tildelt kvotefri jakt på hjortekalv i 2023;

- Hjørungavåg
- Hareidsdalen
- Nakkane

Kvotefri jakt på kalv gjeld for alle jaktrettshavarar i valda. Dette vil seie at alle jaktrettshavarar kan felle eit fritt tal kalvar på sin eigen eigedom. Det er sjølv sagt lov å la andre felle kalv på eigedomen.

Rapportering og fellingsavgift:

Jaktdagar og felling av ekstra kalvar skal rapporterast i hjorteviltregisteret på lik linje som andre jaktdagar. Det skal betalast fellingsavgift for kvotefrie kalvar på lik linje som andre felte dyr.

CWD/Skrantesjuke

Symptom på sjukdomen er mellom anna avmagring og unormal framferd. Smitteoverføring skjer via beite, spytt og urin. Det er ikkje kjend at sjukdomen kan smitte til menneske, verken frå dyr eller kjøt. Ser de dyr som kan vere sjuke skal kommunen varslast.

Melding til kommunen

Melding til kommunen gjeld ettersøk, bruk av kunstig lys, om skada og sjuke dyr eller mistanke om skrantesjuke.

Hareidsdalen, SKAU, Hjørungavåg og Nakkane: Send melding eller ring til Anne Kathrine Løberg, tlf 900 34 380

Brandal: Send melding eller ring til Tor-Halvar Flackè Botnen, tlf 900 52 817

Ynskjer alle vald god jakt med høgt og godt uttak!

Med helsing

Anne Kathrine Løberg
avdelingsleiar landbruk

Bjørnar Eikenes
Sakshandsamar viltforvalting

Dokumenter er elektronisk godkjent og har difor ikkje signatur